

*Etter adresseliste*

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Høyring av frivillig skogvern av Geitanosi i Aurland kommune

Etter ønskje frå grunneigarane sender vi ut på høyring verneforslag på frivillig skogvern av Geitanosi som naturreservat.

Området ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde, og er vist som det i gjeldande kommuneplan for Aurland kommune. Eigarar av området med framlegg om opprettning av naturreservat er gnr./bnr. 58/1 og 58/2 i Aurland kommune. Området er på om lag 12 280 dekar.

Berre 2,9 prosent av skogen verna

Det er ei nasjonal målsetjing om redusere tap av naturmangfold, og som eit leidd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre 2,9 prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Vestland.

Frivillig skogvern

I dei siste åra er det frivillig skogvern som har vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten.

Kvifor vern av skog?

Artsdatabanken som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfold, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til arts mangfold i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjøre for å ta vare på Vestlandsnaturen for framtidia.

Verneverdiar i Geitanosi

Tilbodsområdet gjeld eit skogområde som vart kartlagt av Biofokus i samband med frivillig skogvern, og Geitanosi vart vurdert som nasjonalt verneverdig. Gjennom kartlegginga er det mellom anna registrert bekkeklofter, rik edellauvskog med alm-lindeskog, gamal boreal lauvskog og fosseeng.



Innspel til oppstartsmeldinga

Vi meldte offisiell start av vernearbeid 3. desember 2019 og det har innan fristen 10. januar 2020, kome inn 6 innspel. Ingen av innspela er kritiske til oppretting av Geitanosi naturreservat.

Aurland kommune skriv i brev av 10. januar 2020 at dei er positive til start av verneprosess for Geitanosi naturreservat, men har ein viktig merknad. Det går fram av oppstartsmeldinga at Fylkesmannen ikkje er kjent med spesielle brukarinteresser i området «...utanom grunneigar sine jaktinteresser og behov for båt og fiske i området, og høve til å kunne bygge eit naust til båten seinare viss det skulle bli aktuelt.» Kommunen minner om byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8, og at det generelle kravet knytt til bygging i LNF-område er at bygget må vere naudsynt i samband med utøving av landbruksnæringa.

Fylkesmannen sin kommentar:

Vi ser at vi kunne ha vore meir presise på dette punktet. Eventuelt naust vil vere utanfor naturreservatet, og må sjølv sagt både vere i samsvar plan- og bygningslova og verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernombord.

Nærøyfjorden verneområdestyre skriv i uttale av 20. desember 2019, at det er naturleg at Nærøyfjorden verneområdestyre får forvaltningsansvaret for reservatet, i og med at dei har allereie har ansvaret for Nærøyfjorden landskapsvernombord og andre omkringliggende verneområde.

Vidare meiner verneområdestyret at Geitanosi naturreservat får svakare verneregler for motorferdsle i samband med jakt enn landskapsvernombordet rundt. I § 6b i framlegg til verneforskrift står det at «*Naudsynt uttransport av felt elg, hjort og bjørn med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget, og med traktor eller lett terrengkjøretøy på eksisterande traktorvegar vist på vernekartet*». Eit slikt unntak frå forbodet om motorisert ferdsle finst ikkje i Nærøyfjorden landskapsvernombord.

Fylkesmannen sin kommentar:

Naturreservat er ei strengare verneform enn landskapsvernombord. Vi er derfor heilt samd med verneområdestyret om at det vil vere spesielt å ha verneregler som er mildare innafor Geitanosi naturreservat enn i landskapsvernombordet. Vi har derfor vore i dialog med AT Skog som representerer grunneigarane i verneprosessen, og fått klarsignal for at vi stryk denne paragrafen frå verneforskrifta. På grunn av topografien med svært bratt lende og ingen traktorvegar, er det ikkje trong for å ha med dette punktet i verneforskrifta.

Det er Miljødirektoratet som avgjer kven som får forvaltingsmynde for Geitanosi naturreservat, og vi vurderer det som positivt om Nærøyfjorden verneområdestyre får forvaltningsansvaret.

Forsvarsbygg ber i brev av 9. januar 2020 om at det vert tatt med nødvendige unntaksreglar som i varetar omsynet til militær operativ verksemder i forskrifta. Dei ber også om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrifta.

Fylkesmannen sin kommentar:

Vi har nytta standardisert forskrift for skogreservat utarbeida av Miljødirektoratet, og meiner at dette omsynet er ivareteke i verneforskrifta § 6 c.

WWF Verdens Naturfond er positive til oppretting av området som naturreservat då det vil gje eit sterkare vern enn landskapsvernombord. Men WWF sakna informasjon i oppstartsmeldinga om kvifor det er tillate å ta ut enkelttre. Det arealet er i hovudsak innafor naturtypelokalitet med



nasjonal verdi (A-verdi). I eit naturreservat der føremålet er vern av skog er ikkje uttak av enkeltre ønskjeleg.

Fylkesmannen sin kommentar:

Opninga for å ta ut enkeltre ligg i verneforskrifta § 7 k og vil vere søknadspliktig, og såleis innafor «kontroll» for vernemynde. Uttaket kan berre omfatte eit fåtal tre og skal vere relatert til restaurering av bygningar og gamle handverksteknikkar på garden. Ramma for å gje løyve etter § 7 k må også vere innafor verneformålet og kan ikkje gå ut over verneverdiane i naturreservatet.

Språkrådet skriv at det er tilrådeleg å nytta Geitanosi naturreservat som namn på verneområdet.

Direktoratet for mineralforvaltning har ingen vesentlege merknader til verneframlegget.

Konsekvensar av vernet

For å vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like.

Brukarinteresser

Fylkesmannen er ikkje kjend med at det er spesielle brukarinteresser i innanfor verneområdet utanom grunneigar sine jaktinteresser og behov for båt og fiske i området. Det er nokre gamle kraftleidningar og telefonleidningar som ikkje er i bruk og som det er aktuelt å rydde vekk.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil Fylkesmannen vurdere innspela og ta endeleg stilling til tilråding av vern til Miljødirektoratet. Vi håpar på vernevedtak før sommaren 2020.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing, verneforskrift m.v. finn du på nettstaden vår <http://www.fylkesmannen.no/vestland>. Her kan du også sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Fylkesmannen ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til fmvlpost@fylkesmannen.no

Frist for å kome med innspel er 20. mars 2020

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Grunneigarliste er teke ut i frå egedomsregisteret. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Miljødirektoratet
AT Skog

Adresseliste:

Bjørn Henning Hov
Mikael Hov
Aurland Bonde- og småbrukarlag
Aurland Bondelag
Aurland Fjellstyre
Aurland Jeger- og sportsfiskarlag
Aurland kommune
Aurland Turlag
Avinor
Den Norske Turistforening
Det Norske Skogselskap
Direktoratet for mineralforvaltning
Forsvarsbygg
Fortidsminneforeningen
Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane
Høgskulen på Vestlandet v/ avd. for naturforvaltning Sogn og Fjordane
Luftfartstilsynet
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Norges geologiske undersøkelse NGU
Norges jeger- og fisker forbund
Norges Jeger- og Fiserkforbund NJFF Sogn og Fjordane
Norges Naturvernforbund
Norges Skogeierforbund
Norges vassdrags- og energidirektorat NVE
Norsk institutt for naturforskning NINA
Norsk organisasjon for terrengsykling NOTS
Norsk Skogbruksforening NORSKOG
Nærøyfjorden verneområdestyre
Riksantikvaren
SABIMA
Sogn og Fjordane avd. NOF
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag
Sogn og Fjordane Bondelag
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sogn og Fjordane Skogselskap
Sogn og Fjordane Turlag
Stadnamntenesta på Vestlandet
Statens vegvesen region vest
Statnett
Technogarden (nødnett)
Torbjørn Sund
Universitetsmuseet i Bergen
Universitetsmuseet i Bergen, Geologisk institutt
Verdens Naturfond WWF Norge
Vest Politidistrikt
Visit Sognefjord